

Saksprotokoll 02.06.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

Alexander Fosse Andersen, Sp, sette på vegner av Sp, A, Sv, KrF, MDG, H, FrP, R og FNB fram slikt tilleggsforslag:

«Fylkesutvalet stør høyringsfråsegna NOU 2019: 25 "Med rett til å mestre", slik ho kjem fram av saksutgreiinga og med desse tillegga:

1.Fylkesutvalet syner til at elevanes psykiske og sosiale helse er viktig for god gjennomføring. I tillegg til læraren er miljøkoordinatorar og helsesjukepleiarar viktige i denne samanhengen.

2.Fylkesutvalet meiner tilbakeføringstiltak er viktig for god gjennomføring. Institusjonaliserte tilbakeføringstiltak, som til dømes produksjonsskule, treng ei sterk statleg forankring, både når det gjeld lovverk og finansiering.»

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Andersen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet for Vestland fylkeskommune vedtek høyringsfråsegna NOU 2019:25 «Med rett til å mestre», slik ho kjem fram av saksutgreiinga med desse tillegga:

1.Fylkesutvalet syner til at elevanes psykiske og sosiale helse er viktig for god gjennomføring. I tillegg til læraren er miljøkoordinatorar og helsesjukepleiarar viktige i denne samanhengen.

2.Fylkesutvalet meiner tilbakeføringstiltak er viktig for god gjennomføring. Institusjonaliserte tilbakeføringstiltak, som til dømes produksjonsskule, treng ei sterk statleg forankring, både når det gjeld lovverk og finansiering.